



## Nissedal kommune Rådmann

### Internt notat

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2020/243-1	Sverre Sæter,35048402	034	04.03.2020

### Vurdering av den administrative organiseringa

Rådmannen vurderte den administrative organiseringa i 2018, og kommunestyret stadfesta i mai-møtet det året å halde fram organiseringa uendra.

No er det naturleg å gjere denne vurderinga på nytt av to årsaker: 1) det er to år sidan sist og 2) i fire av einingane er to utan fast leiar og ein er i avgang frå den tredje.

I saksframlegget frå 2018 vart det vurdert anna organisering av einingane kultur, skule, barnehag, omsorg og helse og habilitering.

Det er desse einingane eg vil avgrense det til å handle om også denne gongen.

Sist konkluderte eg med at trass i rådmannen sitt behov for meir strategisk leiing så trumfa ulike smådriftsføremoner og gode samhandlingsmønster dette behovet.

No, etter to år, meiner eg at vekta i argumenta har endra seg.

Meir og meir i våre omgjevnader gjer til at det er tungvint å ha omsorg og helse under ulik leiing. Eg trur det er noko å hente fagleg å sameine desse fagområda. Dersom me gjer det, må leiar verte sett i stand til å vere leiar, og vil trenge støttefunksjonar i aukande grad på fag og personal og utvikling.

Skule og barnehage meiner eg no treng eit meir heilskapleg grep om utvikling og leiing. Rolla til skule- og barnehageeigar må styrkast for å kunne ta i vare det som ligg i eit forsvarleg system for vurdering av krava i opplæringslova.

Dersom Kultur ikkje lenger skal vere eigen eining, meiner eg at den høyrer naturleg heime i oppvekst.

Det har den siste tida vist seg problematisk å rekruttere einingsleiarar, og dei som blir tilsett vert verande i kort tid. Eg trur eit tiltak for å snu på dette vil vere å gje einingsleiarstillinga meir ansvar, og at dette vil gjere at stillingane blir meir attraktive.

Det er opp til kommunestyret å vedta organisasjonsendringar som endrar organisasjonskartet, men det er opp til rådmannen å organisere tenestene. Det vil seie

at den saka eg skal førebu til neste kommunestyremøte den 7. mai ikkje kjem til å vere detaljert på korleis den enkelte eining skal vere (strukturar på leiing og mellomleiing osv.) Det har nemleg ikkje kommunestyret noko med.

Eg kan seie allereie no at eg legg som ein føresetnad at rammene som einingane har i dag vert vidareført i ei eventuell ny organisering. No som førre gong er altså ikkje økonomi ei drivkraft for å vurdere organiseringa.

Eg ber på dette tidlege stadium om innspel på kva de meiner om ei anna organisering enn den me har i dag for dei fem nemnte einingane.

Fram til neste kommunestyremøte vil rådmannen jobbe med detaljtenking på korleis mulige sameinte einingar skal vere. Eg meiner at det er temmeleg truleg at ei endring kjem, og då vil det vere både dumt og passivt å sitte og vente med henda i fanget til kommunestyret har sagt sitt, og først ta til med detaljering deretter. Slik sett er attendemeldingar frå alle tilsette velkomne. Anten direkte eller gjennom dykkar tillitsvalte. I dette arbeidet vil eg ikkje ha skodder på meg, men vere vidsynt og sjå om det t.d. kan vere tenleg å samle oppgåver som i dag er ute hjå alle einingane som fellestenester lagt til Fellestenesta.

Dette notatet vert sendt til hovudtillitsvalte slik at dei kan ha det som utgangspunkt i drøftingar i medlemsmøter. Det vert også sendt til rådmannsgruppa og einingsleiarane i tillegg til at det vert lagt ut på intranettet.

Eg har allereie gjort:

- Konstituert Reidun Retterholt som einingsleiar for barnehage.
- Tilsett Reidun som einingsleiar for skule

Eg kjem til å gjere no:

- Konstituere Arne H. Espebu som einingsleiar for helse og habilitering med verknad frå 1. mai. Arne og eg har snakka saman i dag, og han vil no nytte tida fram til Tove sluttar til å samarbeide med henne slik at ansvarsovertakinga går greitt.

Tove S. Homme gjer nett no vurderingar i eiga eining for å konstituere ein avdelingsleiar i John Olav si stilling. Denne personen vil vere med på planlagt turnuskurs i Oslo i mars og april.